

Ein helt?

Ingen kan gjere alt – men alle kan gjere noko.

Julia er 16 år. Ho går første året på vidaregåande. For eit år sidan slutta ho å ete kjøtt. Ho blei vegetarianar. Julia bestemte seg også for å slutte å bruke klede som er laga av pels og skinn. Ho synest det er feil at menneske drep dyr for å ete kjøttet og lage sko og jakker av skinnet deira. Vennene til Julia synest at ho burde hjelpe menneske i staden for dyr. Men Julia høyrer ikkje på vennene sine. Ho brenn for dyra.

Julia løper fort gjennom skogen. Ho har det travelt. Når ho kjem fram til garden, stoppar ho og kikkar inn gjennom gjerdet. Ho ser bura med alle minkane og kjenner at pulsen aukar.

Ho ser seg omkring, men oppdagar ingenting. Julia tar fram ei tong og klipper hol i gjerdet. Ho kryp gjennom holet og inn til bura.

Julia opnar døra til eit av bura, og minkane hoppar ut. Ho ser etter dei første minkane som piler lydløst over plenen og ut gjennom holet i stengselet.

Når Julia har opna alle bura, kryp ho ut gjennom holet igjen og forsvinn inn i skogen. Ho føler seg som ein helt.